



Eviny Fornybar As  
Postboks 7050  
5020 Bergen

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/37 - 22/1313

Saksbehandlar:  
Magne Verpelstad  
magne.verpelstad@modalen.kommune.no

Dato:  
07.07.2022

## Korrigering av eigedomsskatt Eviny Fornybar AS - Steinsland koblingsstasjon

Me syner til epost av 17.03.22 med klage knytt til utskriven eigedomsskatt 2022 for Eviny Fornybar AS.

Klagen gjeld konkret eit brytarfelt i Steinsland koplingsstasjon som er teken med i takstfastsetjing og eigedomsskattegrunnlag i samband med taksering av kraftlinja Modalen – Mongstad.

Koplingsanlegget med 3 brytarfelt vart opprinneleg oppført av BKK Nett. I 2019 overtok Statnett eigarskapet for 2 av felta og Eviny Fornybar AS (Tidlegare BKK Produksjon AS) overtok 1 av felta.

Det er tre vilkår ein kan utleie av skattelova § 18-5 fjerde ledd, knytt til vurderingar om eit driftsmiddel skal verdsetjast saman med kraftanlegget:

- Brytarfeltet er knytta til kraftproduksjonen
- Brytarfeltet ligg i same kommune som kraftanlegget
- Brytarfeltet og kraftanlegget må ha same eigar

Eigedomsskattekontoret er samd i at det truleg er rett å vurdere brytarfeltet tilhøyrande Eviny Fornybar AS som driftsmiddel knytt til kraftproduksjon etter skattelova § 18-5 fjerde ledd, jf eigedomsskattelova § 8 B-1.

Det skal såleis ikkje skrivast ut eigen eigedomsskatt på brytarfeltet i Steinsland koplingsstasjon, tilhøyrande Eviny Fornybar AS, men dette skal inngå i eigedomsskattegrunnlaget for kraftproduksjonsanlegget.

Som følgje av endringa vert eigedomsskattegrunnlaget for Eviny fornybar AS redusert med kr 27 390 000 og eigedomsskatten for 2022 vert redusert med kr 191 730.

Sjå vedlagte korrigerede egedomsskattesetel for 2022. Terminbeløpet for 2. halvår 2022 vert redusert i tråd med endringane den utskrivne egedomsskatten.

Med helsing

Magne Verpelstad

Økonomisjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur

**Vedlegg:**

Skattesetel Eviny Fornybar AS 2022 - korrigeret

**Mottakere:**

Eviny Fornybar As

Postboks 7050

5020

Bergen